

# Frå boss til brukskunst i

LINDÅS: – Det er kjempekoseleg her i Heilt originalt, seier salssjef Laila Bjørge. Førre helg var det julegate på Lindås i stabburet til Heilt originalt, tinghuset og Spjeldnes gard.

Av Ella Sandra Dahl Berland

Folk trassa striregn og kulde for å få med seg julegata på Lindås laurdag og søndag, der ein kunne besøka Rosenlund-huset, det gamle tinghuset, Spjeldnes gard, barndomsheimen til Aslaug Låstad Lygre og stabburet Heilt originalt, som er det eldste huset på Lindås.

Då Strilen var innom Heilt originalt, vart me møtt av Elisabeth Tonheim og salssjefen hennar, Laila Bjørge, som tilbød alle besøkjande ein kopp varmande gløgg og peparkakar. Laila kunne fortelja om mange besøkjande.

– Det har vore ein konstant straum av folk innom, fortel ho.

Sigrun Rajendram og Einar Lygre var blant dei mange som besøkte stabburet. Dei kunne fortelja at denne staden var kommunesenteret i Lindås før i tida.

– Etter at Elisabeth byrja å inspirera og trekka med seg andre, har det livna til igjen her, noko som er heilt fabelaktig, seier dei.

## Frå skrot til bruksgjenstandar

Sigrun og Einar er innom av og til for å kvitta seg med skrot frå løa. For Elisabeth tek imot all slags skrot med takk. Hennar spesialitet er å setja saman gamle fjøler, rusta boltar, flekkete dukar og drivved til noko heilt nytt.

– Eg lagar nye ting av det andre reknar som bålmat eller boss, gjer noko med det, og så får det verdi, seier ho.



HEILT ORIGINALT: Elisabeth Tonheim, eigar av Heilt originalt og Rosenlund, på fanget til «stabburnsissen» Laila Bjørge.

– Sjå berre på denne. Den kan vera fin å hengja glas i, seier ho, og peikar på eit gammalt utedose.

Deretter viser ho fram det som kan likna på ei gamal vindaugsramme.

– Og denne her har vorte til nøkkelskåp.

Det som er spesielt med det Elisabeth lagar, er at ein ikkje kan finna to av noko.

– Absolutt alt eg lagar og sel er originalar, smiler ho.

Alt i stabburet er til sals, og Elisabeth sel i tillegg heimelaga plukkfiskekaker.

– Ho lagar kjempegode plukkfiskekaker, så eg lyt stundom stikka innom for å kjøpa dei, smiler Sigrun.

– Dei er gode å ha på lager i frysaaren!

– Det einaste Elisabeth ikkje driv med, må vere tatovering og båtutleige, seier Laila Bjørge.

Og ho og Elisabeth samtykkjer i at det er berre vel og bra.

## Decoupage og kjolar

I Rosenlundhuset nedanfor Heilt originalt kunne me møta Solveig Seljelid, som målar på

hobbybasis for å kosa seg. Til salsutstillinga i Rosenlund hadde ho mellom anna måla akrylmaleri og laga decoupage på lerret, julekuler og kubbelys.

– I ein travel kvardag er det kjekt å kopla av med måling. Det er godt å finna seg sjølv igjen ved å få lov å laga noko skapande, seier ho.

Syerska Elin Gaulen selde kjolar, forklede av voks og mange artige småting i Rosenlundhuset. Ho starta butikk heime i løa i Gaulen for kring eitt år sidan.

– Eg hentar inspirasjon litt

her og der, både frå personar, TV og frå nettet, seier ho.

## - Kreativitet gir energi

Irén Kleiven hadde og utstilling i Rosenlund. Ho har til saman fire års utdanning frå Sverige og Bergen. Irén har produsert kort i 10 år, som ho sel på Hjartholm i Bergen.

Ho målar òg store bilete, og lagar i tillegg handmåla putetrek. Ho har produsert ein eigen kopp i Figgjo, som er den eldste porselensfabrikken i Noreg.



KOSELEG: Sigrun Rajendram og Einar Lygre var to av mange som beundra Heilt originalt, og syntest det var veldig koseleg der.



JULEMARKNAD: Heidi Hauge Spjeldnes har hatt julemarknad på Spjeldnes gard i fire år på rad.



I ROSENLUNDHUSET: Solveig Seljelid selde maleri og decoupage-produktar i Rosenlundhuset.

# julegata



– Salet går godt, og for at eg skal ha noko igjen å visa, lyt dei som kan, henta det dei har kjøpt etter utstillinga. Men eg kan sjølsagt ikkje be nokon som har reist lange veger om å gjera det, smiler ho.

### Allsidig på Spjeldnes gard

På Spjeldnes gard møtte me Heidi Hauge Spjeldnes, som fortalde at dette var den fjerde julemarknaden på rad.

– For to år sidan vart det julegate, då mellom anna Heilt originalt slengte seg på. Det kjem fleire og fleire med etter kvart, og det er veldig kjekt, seier ho.

Heidi hadde laga mange maleri som hang for sal, og mannen hennar, som driv med motorsagkunst, selde mellom anna utskorne juletrefigurar.

– Juletra går godt, no er det nesten ikkje fleire att, fortel Heidi.

Forutan Heidi og mannen var det ti stykker som stilte ut og selde diverse juleting på julemarknaden.

– Her jobbar dei heile tida, og dei er veldig allsidige, smiler Heidi.

Ein kunne kjøpa både julebakt, heimelaga sjokolade, strikketøy, julekransar, vrihassel og mykje anna. Det var òg ein verkstad for born, der dei kunne utfalda seg.

– Det har ikkje vore så mange born her i år. I fjor var det heilt kaos her. I år har det heldigvis vore ein jamm straum av folk, men fleire enn me venta i forhold til vèret, seier Heidi. Julekransar og vrihassel var det Linn Hagesæther som selde. Ho driv juletre- og pyntegranproduksjon, og lagar kransar.

– Det har eg drive med i 10 år, seier ho.

I år var den første gongen ho var med på julemarknaden på Spjeldnes.

– Eg har nok henta inspirasjon frå fem års erfaring med barnehagedrift, seier ho.

– Det er kjekt å laga ting til dei små, og viktig at produkta har kvalitet.

Irén har skrivt ei bok om barneteikning for born mellom 0 til 7 år, og skal snart gje ut neste opplag. Ho kjem ikkje til å gå lei av å vera kreativ med det første.

– Det å jobba med kunst er berre gøy, og gir meg masse energi, smiler ho.

### Glaskunst i Tinghuset

I det gamle tinghuset på Lindås hadde glaskunstnar Turid Grov utstilling. Ho er oppvaksten på Lindås, men har bustad og virke i Sandnessjøen og har satsa full tid på glaskunsten sidan 2005. På besøk i tinghuset var mellom anna hennar gamle lærarinne frå 2. klasse, Else Syslak.

– Else har ein stor plass i hjartet mitt, smiler Turid.

– Me har hatt med kvarandre å gjere heile tida opp gjennom åra. Ho er den som alltid har kome med handskrivne julekort, fortel ho.

Turid fortel om full fres heile tida.

– Det har stadig vore folk innom, og nokre har reist heilt frå Åsane og Bergen, seier ho.



**JULEKRANSAR OG MOTORSAGKUNST:** Linn Hagesæther har laga julekransar i ti år, og er dyktig i arbeidet sitt.



**LITT AV KVART:** Irén Kleiven selde mellom anna handmála putetrekk, koppar og kort.



**KJOLAR:** Elin Gaulen er syerske og selde kjolar, voksforklede og diverse artige småting.



**KJØKKENGJENGEN:** Ann Karin og Raket Sofie (11) Tolås Myhre, Astrid Bjørge Revheim (10) og Sigrud Austevoll bakte og selde sveler og kaffi i Rosenlund.



**GLASKUNST:** Turid Grov og gamlelærarinna Else Syslak, med eit knippe av glasproduksjonane i bakgrunnen.